



Forslag til korleis el-sparkesyklar og utleigeselskap skal handterast i Time

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Senior- og Brukarrådet	002/26	26.01.2026
Ungdomsrådet	002/26	27.01.2026
Utval for lokal utvikling	010/26	29.01.2026
Time kommunestyre	003/26	18.02.2026

Kommunedirektøren si innstilling:

- Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med utleigeselskap for el-sparkesykkel, med formål om å inngå avtale mellom Voi og Time kommune. Avtalen skal vere etter modell frå Sandnes/Klepp, samt i tråd med føringar i dette saksframlegget.*
- Kommunedirektøren får fullmakt til å signere avtalen med Voi og eventuelt nye avtalar med andre aktørar på same vilkår.*
- Ordninga skal evaluerast etter to år.*
- Kommunestyret vedtar gebyr for feilparkerte el-sparkesyklar. Satsen vert sett til kr 900 frå 1.1.26 og regulert kvart år i samband med komande økonomiplanar.*

Senior- og Brukarrådet

Tilleggsforslag frå **Sissel Løchen (FUN)** Pkt. 18 i vilkår, i kulepunktet:

Storgata og parkeringssone Indre sone og området med "shared space".

Forslaget frå Sissel Løchen vart samrøystes vedtatt.

Kommunedirektøren si innstilling vart vedtatt med tillegg i vilkår pkt 18.

SBR - 002/26 Vedtak:

Senior og brukarrådet tek saka til orientering med følgjande endring i vilkår i pkt 18 i kulepunktet:

Storgata og parkeringszone Indre sone og området med "shared space".

Ungdomsrådet

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt (9 røyster).

UNG - 002/26 Vedtak:

- 1. Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med utleigeselskap for el-sparkesykkel, med formål om å inngå avtale mellom Voi og Time kommune. Avtalen skal vere etter modell frå Sandnes/Klepp, samt i tråd med føringar i dette saksframlegget.*
- 2. Kommunedirektøren får fullmakt til å signere avtalen med Voi og eventuelt nye avtalar med andre aktørar på same vilkår.*
- 3. Ordninga skal evaluerast etter to år.*
- 4. Kommunestyret vedtar gebyr for feilparkerte el-sparkesyklar. Satsen vert sett til kr 900 frå 1.1.26 og regulert kvart år i samband med komande økonomiplanar.*

Utval for lokal utvikling

Tilleggsforslag frå **Kjell Olav Stangeland (Ap)** Vilkår i kulepunkt 18:

"...og shared space"

Tilleggsforslaget frå Kjell Olav Stangeland vart samrøystes vedtatt.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULK - 010/26 Vedtak:

- 1. Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med utleigeselskap for el-sparkesykkel, med formål om å inngå avtale mellom Voi og Time kommune. Avtalen skal vere etter modell frå Sandnes/Klepp, samt i tråd med føringar i dette saksframlegget.*
- 2. Kommunedirektøren får fullmakt til å signere avtalen med Voi og eventuelt nye avtalar med andre aktørar på same vilkår.*
- 3. Ordninga skal evaluerast etter to år.*
- 4. Kommunestyret vedtar gebyr for feilparkerte el-sparkesyklar. Satsen vert sett til kr 900 frå 1.1.26 og regulert kvart år i samband med komande økonomiplanar.*
- 5. Tillegg i vilkåra i kulepunkt 18: "...og shared space".*

Time kommunestyre

Forslag frå **Beate Aasen Bøe (SV)** Endring punkt 3:

Kommunedirektøren skal legge fram evaluering av avtalen innen junimøtet i ULK 2027.

Forslag frå **Beate Aasen Bøe (SV)** Nytt punkt 6:

Tillegg til punkt 12 i forslag til avtale:

Det skal etablerast forbudsone i Storgata, på torget og i Laurits Bellesens gate.

Alternativ forslag frå **Jone Fosse (Sp)**

Time kommune forbyr utleige av el-sparkesyklar av folkehelseperspektiv.

Kommunen skal heller prioritere / legge tilrette for meir utleige av el-syklar på fleire plassar i Time kommune

Pkt. 3: Innstillinga frå ULK vart vedtatt med 14 røyster medan 13 røysta for Beate Aasen Bøe sitt forslag (AP, Pål Undheim og Thomas Liland-Vik (H), INP, SP, SV, V.

Forslaget frå Beate Aasen Bøe nytt pkt 6. fekk 9 røyster og falt (Ap, Sp, SV).

Punkt 1, 2, 4 og 5: Innstillinga frå ULK vart vedtatt med 23 røyster medan 4 røysta for Jone Fosse sitt forslag (Sp).

KS - 003/26 Vedtak:

- 1. Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med utleigeselskap for el-sparkesykkel, med formål om å inngå avtale mellom Voi og Time kommune. Avtalen skal vere etter modell frå Sandnes/Klepp, samt i tråd med føringar i dette saksframlegget.*
- 2. Kommunedirektøren får fullmakt til å signere avtalen med Voi og eventuelt nye avtalar med andre aktørar på same vilkår.*
- 3. Ordninga skal evaluerast etter to år.*
- 4. Kommunestyret vedtar gebyr for feilparkerte el-sparkesyklar. Satsen vert sett til kr 900 frå 1.1.26 og regulert kvart år i samband med komande økonomiplanar.*
- 5. Tillegg i vilkåra i kulepunkt 18 “..... og shared space”.*

Forslag til korleis el-sparkeyklar og utleigeselskap skal handterast i Time

Saka gjeld

Voi Technology Norway AS (Voi), som tilbyr utleige av el-sparkeyklar, tok kontakt med administrasjonen i oktober 2025 og plasserte samstundes ut dei første el-sparkeyklane for å teste korleis det fungerer i Time kommune.

Bruken har så langt vore større enn venta.

Administrasjonen har hatt dialog med Voi og det er utarbeida forslag til avtale og reglement.

Saksopplysningar

El-sparkeyklar har etablert seg som eit populært framkomstmiddel i norske byar sidan 2018. Det er utfordringar knytt til bruken når det syklane vert feilparkert.

Bruken kan regulerast gjennom 2 ulike verkemiddel:

- Trafikkreglar: vegtrafikklova, skiltforskrift, forskrift om liten elektrisk motorvogn og bilansvarslova.
- Kommunalt mynde: kan regulere organisert bruk av offentleg grunn gjennom forskrift eller avtale.

Brukarfeil som høg fart, fleire på samme sykkel, brot på aldersgrensa, uvettig køyring i ruspåverka tilstand og køyring på ulovleg stad blir regulert av trafikkreglar, og kan handhevast av politiet.

Voi har sjølv meldt at dei følger desse tiltaka:

- Soneinndeling der syklane kan ferdast og parkerast
- Syklane vert flytta i samband med 17. mai og eventuelt andre større arrangement
- Syklane vert fjerna i samband med vintervedlikehald i vintersesongen
- Geografisk avgrensing i tråd med kommunen sine politivedtekter og innspel frå kommunen, El-sparkeyklane vil ikkje kunne køyrast på skular, kyrkjegardar, idrettsanlegg.
- Anbefalte parkeringsplassar innafor sona der syklane kan ferdast
- Voi reiser rundt og plukkar opp feilparkerte sykklar når dei byter batteri
- Voi har høve til å sjølv å gje brukarane mindre gebyr ved til dømes feilparkering
- Voi stengjer ute brukarar ved gjentakande eller alvorleg misbruk av ordninga.

Det er fordelar og ulemper med både forskrift og frivillig avtale.

Heimel til å utarbeide ei kommunal forskrift for el-sparkeyklar finnes i *Lov om utleie av små elektriske kjøretøy på offentlig grunn (LOV-2021-06-18-139)*.

Viktige punkt frå lova:

§ 3 – Forskrift om utleige: Kommunen kan gje forskrift om bruk av offentleg grunn for utleige av små elektriske køyretøy. Forskrift kan innehalde bestemmelsar om:

- Kor køyretøyane kan plasserast eller parkerast
- Bruksreguleringar knytt til hastigheit og bruksforbod
- Tidsperiodar for utleige
- Tekniske krav til køyretøyane (batteritype, geofencing med meir)
- Krav om å gjere anonymiserte data tilgjengeleg

§ 4 – Tillatelsesordning: Kommunen kan krevje at utleige berre skjer med tillating og fastsette vilkår for denne tillating.

§ 5 – Gebyr: Kommune kan ta gebyr for administrasjon og tilsyn.

§ 6 – Fjerning og forvaring: Kommunen kan fjerne og ta i forvaring køyretøy som er plassert i strid med forskrift eller utan tillating.

Fordelar med forskrift:

- Kommune kan styre antall selskap og antall sykklar som er tilgjengeleg
- Kommunen kan bestemme forbodssonar og tekniske krav
- Forskrifta blir lagt ut til offentleg ettersyn minimum to gonger i samband med utarbeidinga
- Kommunen har anledning til å trekke løyvet til utleige av el-sparkesyklar tilbake

Ulemper med forskrift:

- Svært omstendelig og lang saksgang jfr. forvaltningslovens § 37-39. Utarbeiding av ei forskrift kan ta inntil eit år
- Endringar i forskrift krev same prosess som ei ny forskrift
- Lite fleksibilitet ved behov for endringar eller justeringar

Fordelar med avtale:

- Kan bli inngått raskt
- Kan justerast ved behov
- Alle punkt som kan regulerast i ei forskrift, kan og regulerast i ein frivillig avtale. Forutsett at selskap og kommune ønsker å inngå avtale og er enige om vilkåra.

Ulemper med avtale:

- Krev at selskapa er villig til å inngå avtale
- Krev samarbeid mellom selskap og kommune

Kommunen kan gjennom parkeringsselskapet vi har avtale med illegge gebyr for feilparkering (900 kr i Stavanger/Sandnes). Dersom ein feilparkering er gjort på ein

utleigesykkel, kan gebyra sendast til selskapet, så vèl selskapet om dei vil sende gebyret vidare til brukaren. Det vert opplyst frå selskapa, at både kommuner som har innført dette og selskapa bruker mykje tid på administrasjon og klager.

Erfaringar frå andre kommunar:

Kommunestyret i Sandnes kommune vedtok i oktober å be administrasjonen inngå avtale med utleigeselskapa. Dei baserer si vurdering på erfaringar frå mellom anna Bergen og Stavanger, som har forskrift, og har tatt utgangspunkt i Drammen kommune sin utforming av avtalen. Erfaringar frå dei kommunane som har valt forskrift framfor avtale, er at forskriftene har medført fleire rundar med justeringar fordi nye moment har kome opp undervegs. Det har vore så krevjande å følgje opp forskriftene, at dei har eigne tilsette med dette som oppgåve.

Per i dag er det berre Voi som har tatt kontakt med ønskje om å etablere utleige av el-sparkesyklar i Time. Det er ein avgrensa marknad for denne typen utleige i Time, men skulle andre aktørar ta kontakt vil det bli sett krav om tilsvarande avtalar som ligg ved denne saka.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at eit tilbod om leige av el-sparkesyklar vil vere eit godt supplement til kollektivtilbodet i dei sentrumsnære delane av kommunen.

Avtale eller forskrift knytt til regulering av el-sparkesyklar gjeld berre syklar som blir leigd ut. Private el-sparkesyklar er regulert av trafikkreglane og desse vert handheva av politiet. Kommunen har høve til å setje opp forbodsskilt, desse vil gjelde for både leigde og private el-sparkesyklar.

På bakgrunn av dialogen mellom kommunen og Voi og erfaringar frå andre kommunar, vurderer kommunedirektøren at det mest føremålstenlege vil vere å få på plass ein frivillig avtale. Å utarbeide ei forskrift er ein lang og lite fleksibel prosess og vil gje kommunen lite handlingsrom fram til denne er på plass.

Kommunedirektøren opplever at det så langt har vore ein god dialog med utleigeselskapet og ser fram til vidare samarbeid om ordninga, slik at den vil opplevast som eit positivt supplement til ferdsel i Time.

Konklusjon

Kommunedirektøren vil tilrå kommunestyret å gjere følgjande vedtak:

1. Administrasjonen bes gå i dialog med utleigeselskap for el-sparkesykkel, med formål å inngå avtale mellom utleigeselskapa og Time kommune. Avtalen skal vere etter modell frå Sandnes/Klepp, samt i tråd med føringar i denne saka.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å signere avtalen med Voi og eventuelt nye avtalar med andre aktørar på same vilkår.
3. Ordninga skal evaluerast etter to år.

4. Kommunestyret vedtar gebyr for feilparkerte el-sparkesyklar. Satsen vert sett til kr 900 frå 1.1.26 og regulert kvart år i samband med komande økonomiplanar.

Kommunedirektøren i Time, den 08.01.2026

Trygve Apeland

Vedlegg:

Vilkår for bruk av kommunalt areal til utleie av el-sparkesyklar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur